



Referat

Underutval for rehabilitering

Dato og tid:	12.09.2022
Møtestad:	Digitalt møte - teams
Møteleiar:	Britt Madli Manger
Til stades:	<i>Kjersti Gulbrandsen Skattum (Voss sjukehus), Susanne Villanger Rolland (Vaksdal), Kjellfrid Skutlaberg (FFO), Kristin Aase (Ulvik), Kari Helland Bu (Eidfjord), , Arnhild Vethe, Ingeborg Hellesnes Uppheim og Ingunn Olin Haugen (Voss) Helge Kvåle (SAFO), Kjerstin Hansen (Kvam)</i>
Fråfall:	<i>Silje Almeland (Voss)</i>
Referent:	Kari H. Bu

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
13/22	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent utan kommentar	V		
14/22	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 04.05.22 Sak 24 22 3 Referat rehabilitering 040522.pdf (saman.no) Godkjent utan kommentar	V	1	
15/22	Val av ny leiar for rehabiliteringsutvalet Susanne Villanger Rolland valt for 2 år Det er 4 møter i året, og utvalet ynskjer 1 på teams, og 1 med fysisk oppmøte vår og haust	D/V		
10/22	Lokalsjukehuskonferansen Det var forsatt semje om å gå for tema «Kreft – heile menneske heile vegen», og at konferansen skal gjennomførast som omtala i maimøte.			
16/22	Barnekoordinator og organisatoriske endringar i Voss herad i høve koordinerande eining Info om barnekoordinatorstillinga.	O		

	<p>Lovfesta krav om at kommunane tilbyr barnekoordinator til familiar og barn som fyller vilkåra for å få dette. Det gjeld familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne der barnet har trong for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.</p> <p>Mål om å sikre heilheit i tenestetilbod på tvers av nivå i helsetenesta, både mellom spesialisthelsetenesta og kommunal helseteneste og innan heradet sine tenester som kan vera organisert i ulike avdelingar(Oppvekst, Helse- og omsorg, Barnevern).</p> <p>Går frå å vera ei oppmoding om samarbeid, til å vera ei plikt om dette og er såleis ei spissing av Koordinerande eining sitt arbeid ute i kommunane.</p> <p>Voss herad har Barnekoordinator organisert ved Forvaltningskontoret (heimla i helselovgiving), stillinga er delt mellom avd. Helse og omsorg og avd. Oppvekst. Barnekoordinator er del av Koordinerande eining i heradet. I tillegg ligg det 20 pst stilling til Koordinerande eining som også er eigd 50/50 av kommunalavdelingane Oppvekst og Helse- og omsorg, organisert ved Forvaltningskontoret.</p> <p><i>Korleis har dei andre kommunane evt løyst dette?</i></p> <p>Ulvik Barnekoordinator er førebels lagt til helsesykepleiar</p> <p>Eidfjord tilsette eigen barnekoordinator frå 1.september i 20% stilling som ligg under helse og omsorg.</p> <p>Vaksdal Har begynt arbeidet, men det blir ikkje oppretta noko ny stilling, den blir lagt til ein av dei stillingane som allereie er, men me har ikkje bestemt kor på linja den skal liggja, så det er ein pågåande prosess.</p> <p>Kvam Det er ein diskusjon på korleis dette skal løysast, enn så lenge er på forvaltarkontoret/saksbehandling det ligg, det er der det har leie før lovkravet kom.</p>			
17/22	<p>Orientering frå partane om pågåande, eller planlagde prosessar, samarbeidstiltak, eller anna</p> <p>Ulvik:</p>	0		

<p>Har starta arbeidet med revidering av rehab.planen, tar det inn i arbeidet med «Det gode pasientforløp», tar det parallelt.</p> <p>Eidfjord: Me er så smått begynt med rehab./habiliteringsplanen. I tillegg blir det jobba for å få Frisklivssentralen opp å gå igjen.</p> <p>Kvam: Ergo/fysioplanen til Kvam er ute på høyring med frist 30.sept. Det har vore jobba hardt for å halda fristane og dei klarte det.</p> <p>Voss: Jobbar med å prøva å få til ei ny spesialisert rehabiliteringsavdeling som må vera eigd av Hagahaugen AS, der kommunen leiger ut personell, me tenkjer at det er behov for ei avdeling nærare enn t.d. Åstveit og Ravnebergshaugen er for regionen, det er likevel høgst usikkert om dette blir noko av, men me held på med ei utgreiing om dette. Dette kjem under spesialisthelsetenesta, det vil bli søkt om å få ein helfoavtale. Me har pr i dag ei kommunal rehab.avd, der andre kommunar har anledning til å kjøpa plassar hos oss, det vil jo vera dei som evt får tilbod om kommunal rehabilitering med behov for døgnopphald, det har også vore unge pasienar der nokon også har betalt for opphaldet sjølv. Det er for eksempel hjarterehabilitering, lunge, kanskje ortopedi, litt for tidleg å seia kva det evt blir, dette er i alle fall noko som vert vurdert.</p> <p>Voss skal i gang med å revidera hab/rehabiliteringsplanen, men dette arbeidet er ikkje starta enno.</p> <p>FFO FFO sin lokalavdeling på Voss er lagt ned, me ligg no under Hordaland, men det går eit år før me er vekke, og innan den tid kan me ombestemma oss, dette året skal me forsatt sitja i dei utvala me er valt inn og passa på.</p> <p>Sjukehuset Det er ei omorganisering på gang, all utvikling og planleggingstid går med til dette. Det er no tilsett personar i dei to utlyste ass.direktørstillingane;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Birger Lærum, lungelege, han er i klinisk arbeid i tillegg til ass.direktør. • Gunn Irene Engvoll som har jobba som sjukepleiar på Voss sjukehus i mange år. <p>No er prosessen å tilsetja alle nivå tre leiarar, etter denne omorganiseringa, slik som avdelingane skal bli.</p>			
--	--	--	--

	<p>Det er planlagt ein byggjeprosess, men den er ikkje i gang.</p> <p>Det er kanskje eit større fokus på forløpsarbeid, har eit ynskje om fleire etablerte forløp hos oss, men det er jo hjerneslagforløpet som er i aktiv prosess no, og revidering av andre, og signal om nokre nye.</p> <p>Målet til Helse Bergen er å jobba meir med digitalisering av pasientbehandlinga, kanskje kontrollar kan gjennomførast meir på video eller telefon, aller helst video for dei som bur langt vekk, kontrollane blir gjennomført med pasienten og den lokale fysioterapeuten som behandlar pasienten, og ein ser på om det kan gjennomførast med fleire enn det blir gjort i dag.</p>			
18/22	<p>Eventuelt</p> <p>Kristin Aase</p> <p>Eg er frå Fedje og har vore Nord Hordaland sin representant i arbeidsutvalet for rehab/habilitering, etter at Hilde slutta som representant for Vossa regionen, anbefalte ho meg som sin erstattar, og dette vart vurdert då eg kom til Ulvik.</p> <p>No representerer eg alle i dette utvalet.</p> <p>Det er no kome eit program for årets møte i november; dette sender eg til dykk etter møte i dag, og der kjem helsedirektoratet til å snakka om barnekoordinator, spørsmåla som kom fram i dag om barnekoordinator kan stillast der. Anbefalar folk å møte opp på denne møteplassen.</p> <p>Som representant skal eg gje tilbakemeldingar på kva som skjer i regionen, kjem kanskje til å stilla spørsmål om kven som er i dei ulike koordinerande einingane rundt om for å få tilbakemeldingar på kva som skjer i regionen.</p> <p>Gje ein lyd om det er noko de vil eg skal formidla.</p>			